



Ny kommune i indre Sunnfjord

Styringsgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:
16/3693-23-ØH-
FE - 002

Dato:
08.11.2016

Ny kommune i Indre Sunnfjord, referat frå møte i styringsgruppa 28.10.16

Tidspunkt : 28.10.16 kl 09.00 – 12.00
Stad : Førde rådhus, møterom Haukedalen
Møteleiar : Olve Grotle

Til stades frå styringsgruppa:

Oddmund Klakegg, Håkon Myrvang, Mathias Råheim og Olve Grotle.

Til stades frå prosjektgruppa

Ole John Østenstad, Øyvind Bang-Olsen, Atle Fasteland, Børge Tvedt/Thor Ove Farsund, Marit Solheim, Torill Anita Segtnan, Elin Kjøsnes, Trond Ueland og Øystein Høyvik.

Utsendt dagsorden

Tidspunkt	Kva
09.00 – 09.15	Velkommen Godkjenning av referat frå møte 19.09.16 Avklare evt spørsmål knytt til referat frå møter i prosjektgruppa Oppsummere frå felles formannskapsmøte 27.10.16
09.15 – 09.30	Godkjenne prosjektdirektiv (utkast ligg vedlagt) Spelereglar og arbeidsformer Involvering av eldreråda, kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdommens kommunestyre
09.30 – 11.15	Oppfølging av kommunestyrevedtak gjort før 01.07.16
11.15 – 11.30	Eventuelt Avslutning
11.30 – 12.00	Lunsj i kantina

Velkommen

- Olve Grotle ynskter velkommen

Godkjenning av referat frå møte 19.09.16

- Godkjent

Avklare evt spørsmål knytt til referat frå møter i prosjektgruppa

- Referata vart gått gjennom

Oppsummering frå felles formannskapsmøte 27.10.16

- Oppsummering gjennomført.

Godkjenne prosjektdirektiv

- Utkast til prosjektdirektiv vart vedtatt med følgjande endringar
 - Hovudtiltak/framdriftsplan
 - *Oppfølging av kommunestyrevedtaka gjort før 01.07.16 er gjennomført/avslutta av styringsgruppa - frist 02.12.16*
 - *Forslag til namn på ny kommune ligg føre – frist 01.02.17*
 - Budsjett oppdatert i samsvar med innvilga skjønstilskot frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
 - Oppdatert prosjektdirektiv ligg vedlagt

Spelereglar og arbeidsformer

- I det vidare arbeidet i prosjektorganisasjonen vil ein arbeide etter prinsipp om «fleirtalsvedtak», og ein bør søke å oppnå tydelege konklusjonar.

Involvering av eldreråda, kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne (KRMNF) og ungdommens kommunestyre

- Bakgrunn for saka: Brev får eldreråda og KRMNF til ordførarane om deltaking i prosjektorganisasjonen
- Eldreråd, KRMNF og ungdommens kommunestyre vil i denne fasen bli involvert i den enkelte kommune i tråd med etablert praksis
- Øystein Høyvik utarbeidar forslag til svarbrev som ordførarane kan nytte.

Oppfølging av kommunestyrevedtak gjort før 01.07.16

- Rådmennene gjekk gjennom forslag i høve spørsmål knytt til fond og samansetting av fellesnemnd
- Styringsgruppa gav uttrykk for at rådmennene har levert forslag i samsvar med avgjerd gjort i møte 19.09.16
- Ordførarane vil drøfte saka vidare
- Blir sett på sakskartet i neste møte i styringsgruppa (02.12.16)

Eventuelt

- Styringsgruppa oppmodar om at kommunane samordnar politisk møtekalendar for 2017

Med helsing

Øystein Høyvik
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane v/ Træen
Prosjektgruppa

Vedlegg:

28.10.16 - presentasjon styringsgruppemøte
Prosjektdirektiv for Ny kommune i indre Sunnfjord (339692) - vedtatt av
styringsgruppa i møte 28.10.16